

ÅRSMELDING FOR STRANDA SOGELAG 2017

Styret har i perioden vore:

Arne Ola Stavsen, leiar
Harald Lied
Fredmøy Wollen
Tor Arne Tryggestad
Ola Lied

Varamedlemer:

Rolleiv Berge
Signy Mork
Inge Bjørdal
Liv Sørheim
Knut J. Tryggestad

Sekretær: Tordis Urke

Revisor: Sverre Drege

Sogelaget har dette året halde 8 styremøte og 51 saker har blitt handsama. Medlemstalet var ved utgangen av året 419, ein auke på 4 frå året før.

Årsmøte.

Det vart halde årsmøte på Storfjord Kulturhus "Kalvehagen" den 20. mars kl. 19:00. Årsmelding og rekneskap vart godkjent utan merknader. Leiar Arne Ola Stavsen ønskte avløyning, men det hadde ikkje lukkast valnemnda å finne ny leiar. Det vart vedtatt at styret skulle konstituere seg sjølve og det resulterte i at Arne Ola Stavsen vart valt til leiar. Etter årsmøtet var det ei enkel servering og filmframvising av 3 filmar (Ruste-Petter, Habostad Trevarefabrikk og World Cup for damer 1990).

Representantar for Stranda Sogelag.

Ingebjørg Fivelstad har vore medlem i styret for Hellesylt Bygdetun og

Tor Tryggestad har vore vararepresentant.

Kåre Stadheim har møtt som Sogelaget sin representant i generalforsamlinga for Storfjord Kulturhus.

Kåre Stadheim har møtt i møte om sjøfart og sjøbruk i Storfjorden arrangert av Sunnmøre Museum.

Aktivitetar.

Sogelaget hadde stand på Husflidsmess 28. okt på Storfjord kulturhus. Det vart solgt bøker for kr 1600,- og 2 nye medlemmar.

Sogelaget har delteke og presentert seg på møte, den 15. november, arrangert av foreninga «Sjøfart og sjøbruk i Storfjorden».

14 personar melde seg som interressert i å vere med i ei venneforening for Berge Trevarefabrikk. Møte vert halde over nyttår.

Det kom ikkje inn forslag til Godt vern pris i 2017.

Kulturfesten.

Tysdag 7. november arrangerte sogelaget ein vellukka kulturkveld i Storfjord kulturhus der 146 deltok. Odd Normann Hoff heldt eit svært interessant føredrag om stadnamn på Stranda. Kaffipause med utdeling av årets Bygdeminne er fast innslag. Flotte musikkinnslag på fløyte og piano ved elevar frå musikkskulen.

Kvelden blei avslutta med ein lokalhistorisk film om Gunnar Langlo. Det er god grunn til å takke festkomiteen for ein godt førebudd og gjennomført kulturkveld.

Bygdeminne.

Bygdeminne 2017 var nr. 34 i rekkja og hadde eit opplag på 700. Sidetalet er 160. Styret i Sogelaget i tett samarbeid med Kåre Stadheim har stått for innsamling og produksjon av stoff med god hjelp frå Arne Inge Tryggestad. Han har både produsert stoff og stått for det grafiske arbeidet og all kontakt med trykkeri og innbindar. Kåre Stadheim var redaktør. Sogelaget er svært takksame for dei trufaste leverandørane av stoff til Bygdeminne.

Foto og filmregistrering.

Fotogruppa med Ståle Thunem som leiar har utført registreringsarbeid også i år.

Lars J. Skarbø har også dette året utført digitalisering og redigering av levande film. Nokre av desse har blitt synt på ulike tilstellingar.

Det har blitt laga lokalhistorisk film om Stein Eldar Langlo som har intervjuet Gunnar Langlo. Det pågår en prosess med samarbeid med omsorgsboligane i kommuna om å henge opp sogelagsbilder på egna vegger.

Øyremerka midlar til Øggardsnaustet vart frigitt frå kommuna til benyttelse i fotogruppa. Kr 5495,-

Økonomi.

Rekneskapan for 2017 viser eit overskot på kr 25 671,-

Til minne.

Det var med stor sorg vi tok imot budskapen om at Harald Kjøllås hadde gått bort i desember. Han har gjort en uvurderlig innsats for sogelaget og vil bli sakna for det gode arbeidet han gjorde for oss.

Arne Ola Stavseng Harald Lied Fredmøy Wollen Tor Arne Tryggestad Ola Lied
Leiar